

Vaksdal Musikkråd

Stanghelle, 31.01.17

Til Vaksdal kommune v/ Ordførar, Formannskap og Kommunestyre

Kopi Referansegruppe og byggjenemd for ny barne- og ungdomsskule på Dale
v/prosjektleiar Willy-Andre Gjesdal

Ny barne- og ungdomsskule på Dale – kultursal.

Vaksdal musikkråd VMR har i utvida styremøte tirsdag 24.01.17 diskutert ny barne- og ungdomsskule på Dale, med fokus på forventningar VMR og deira medlemslag har, for ein framtidig kultursal i tilknytning til den nye skulen.

For nøyaktig tre år sidan, vart Turbinen fleirbruksstall tatt i bruk. I prosjektarbeidet med planlegging og bygging av Turbinen, deltok VMR aktivt i prosjektet. I starten hadde ein her forståing for at den nye fleirbruksstallen skulle vera ei felles storstove i Vaksdal, for så vel idrett som tradisjonell kultur (sang, musikk og scenisk framføring). Undervegs i prosessen vart det klart at når det var snakk om fleirbruksstall, var realitetane at det var fleirbruk for ulike idrettsleige aktivitetar. VMR bidrog positivt under heile prosjektet med den nye fleirbruksstallen, og det vart lansert eit byggetrinn 2 i BKK sine lokaler, der kultur skulle ha prioritert fokus med ein framtidig øvings og konsertsal med tilhøyrande fasilitetar.

Ikkje lenge etter at Turbinen vart teken i bruk, viste det seg at framdrifta med tanke på byggetrinn 2 var vanskeleg, og at det kom til å verta ei mykje dyrare investering enn det ein hadde sett for seg. I dialogen som VMR har hatt med kommunen for å framskynda realisering av ny kultursal, presenterte kommunen etter ei tid tanken om at ein kunne få realisert ei fullverdig storstova for kultur i kommunen i samband med bygging av ny skule på Dale. VMR aksepterte at denne endringa frå BKK til ny skule var det einaste realistiske alternativet i denne omgang, for å få realisert ein fullverdig kultursal med fasilitetar som øvingslokale og konsertsal med tilpassa akustikk . VMR har heile tida signalisert at ny kultursal vil ha hovudprioritet for VMR inntil kultursalen er ein realitet.

På fyrste møtet i referansegruppa for ny barne- og ungdomsskule på Dale var kommunestyret sitt vedtak den 14. november 2016 vedkomande denne saka presentert, og der det med omsyn til ny kultursal i denne samanheng står:

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- PPT, - felles skule- og folkebibliotek, administrasjon og øvingslokale for kulturskulen, fleir brukssal med moglegheit for konsert.*

I tillegg til dette står det å lesa i Norconsult sin grovkalkyle:

□□Konsertsal (120 personar) er løyst som ei sambruksløysing med eit ekstra aktivitet/idrettsareal for dei yngste elevane i alternativ B. I alternativ A er konsertsalen for 120 personar løyst som eit eige formidlagsareal / konsertsal på 300m2. For begge alternativa bør funksjonen løysast i tilknyting til vestibyle/foaje/inngangsparti.

VMR reagerer sterkt på ovannemde mandat for prosjektet, der ein ny kultursal er redusert til «fleir brukshall med mogelegheit for konsert». I fylgje Norconsult si grovkalkyle skal dette vera ein «fleir brukssal» til 120 peronar med eit areal på 300 m². Ein ny «fleir brukssal» vil få same fokus som me opplevde for fleir brukshallen Turbinen. Fysisk aktivitet vil verta prioritert og kulturen vert nok ein gong taparen med omsyn til akustikk og anna tilrettelegging som stettar sang, musikk og scenisk framføring sine behov. VMR forventar at dei politiske aktørane i kommunen gir garantiar for at våre behov vert prioriterte ved bygging av kultursal.

I Norconsult sin grovkalkyle er storleiken for konsertsalen (her og som sambruksløysning i alt.B) satt til 120 personar. Dette er ein kapasitet for kultursalen som er langt mindre enn den behovsvurderinga som VMR har. Ein realistisk storleik på konsertsal vert av VMR vurdert til å liggja på 250 (+) personar, med tilhøyrande høvelege arkiv og lagringslokaliteter.

VMR vonar at politikarane tek oss på alvor, og at kulturlivet i kommunen får den storstova som dei har bruk for. Song- og musikklivet i Vaksdal kommune har alltid stått sterkt, noko politikarane har vore stolte av langt utover kommunegrensene. Det er no på tide å vise at det utøvande musikklivet i Vaksdal vert sett pris på. Utan song- og musikk vert Vaksdal ein ”fattig” kommune!!!!

VMR ber om snarleg tilbakemelding frå det politiske miljøet i Vaksdal.

Med optimistisk helsing

Vaksdal musikkråd / Ole Hesjedal - leiar